



Sunndal kommune  
Postboks 94  
6601 SUNNDALSØRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
23/02040	03.01.2024	24/116 - 24/632	Johnny Loen - 712 80 243	16.02.2024
-16				

## Sunndal kommune - detaljregulering - reguleringsplan Innerdalen - fråsegn til varsel om oppstart

*Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### INNLEIING

Saka gjeld reguleringsprosess med sikte på å legge om dei nedste 600 m av vegen som går inn mot Innerdalshytta/Renndølsetra, slik at denne ikkje lenger går gjennom tunet til gardsbruk i drift. Møre og Romsdal fylkeskommune har følgande merknader til saka:

### INNSPEL TIL PLANARBEIDET

#### Planfaglege merknader

Reguleringsplanen vil kile seg inn i tilgrensande plan for Nerdal gård, der oppstart er varsla parallelt. Dette brevet går derfor i kopi også til Feste Nordøst AS. Reguleringsplanene må nødvendigvis sjåast i samanheng, noko kommunen også peikar på.

Oversendinga gjer godt greie for ulike traséval som er førehandsvurdert, og kva som er grunnlaget for konklusjon om reguleringsavgrensinga. Oppstartvarslet gjer elles også godt greie for kva problemstillingar som vil vere sentrale i prosessen. Vi har ikkje merknader av planfagleg karakter,

## **Samfunns- og næringsutvikling**

### Landbruk

NIBIO utarbeidde i 2023 eit kunnskapsgrunnlag som grunnlag for ein nasjonal jordvernstrategi (NIBIO-rapport 38/2023), der dei mellom anna viser til at mattryggleik er ein grunnleggande føresetnad for eit berekraftig, trygt og stabilt samfunn. I lys av verdssituasjonen med klimaendringar, pandemi, krig og ulikskap er det i dag fleire trugsmål mot verdas mattryggleik. Jordvern er derfor viktigare no enn nokon gong, for å sikre nok landbruksjord for framtidige generasjonar.

Den nasjonale, oppdaterte jordvernstrategien fastslår at årleg omdisponering av dyrkajord ikkje skal overstige 2000 dekar. Målet skal vere nådd innan 2030. Fylkesutvalet har i regional fylkesstrategi for landbruk vedteke at omdisponering av dyrkajord i Møre og Romsdal ikkje skal overstige 100 dekar i året. Fylkesstrategien har også fastsett andre mål som kan vere relevante for reguleringsarbeidet\_

- Mål 1 - Landbruket i Møre og Romsdal er basert på gras, og det er viktig å ta vare på beiteområda til sau og storfe.
- Mål 2.2 - Auke kunnskapen om arealressursane
- Mål 6 - Legge til rette for fleire og betre forretningsidéar med gardsbruket som utgangspunkt og nye marknader som mål. Her er mellom anna seterdrift, lokalmat, inn på tunet og gardsbasert reiseliv noko av dei områda som det blir satsa på

Reguleringsplanen inneber å legge til rette for auka turisme i eit landbruksområde. Planomtalen må vurdere kva konsekvensar dette kan ha for landbruksproduksjonen og kulturlandskapet, herunder også korleis potensielle konflikter kan avbøtast.

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi vurderer planområdet til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne frå både jernalder og mellomalder, som ligg skjult under markoverflata. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova (kml). Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelege planen eventuelt kan godkjennast.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekke utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør kml §§ 9 og 10. Fylkeskommunen ber om skriftleg aksept på budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nasjonale retningsliner for budsjettering. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett, men vi tek atterhald om at vesentlege uføresette forhold kan gi grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

I denne saka er det meldt ei anna regulering tett inntil det aktuelle planområdet. Vi informerer om at ein samla registreringrapport for dei to områda *potensielt kan senke* dei samla kostnadane til forarbeid og etterarbeid. Vi ber om at kommunen tek direkte kontakt med kulturavdelinga for avklaring av kostnadsfordeling dersom dette er aktuelt.

Det vil i delar av planområdet vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnadar til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veges, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette, då det som regel vil bli rimelegare for tiltakshavar. Gravemaskina bør helst vere 5-8 tonn, og ha vribar skuff med flatt skjér på minst 1,0 meter breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerde, vegar og dreneringsgrøfter er tiltakshavar sitt ansvar, dersom ikkje anna er avtalt.

Vi rår til at registreringa blir gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen må utformast. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette seinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak.

Ved tinging og aksept av budsjett, blir det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi gjer merksam på at registreringa ikkje kan gjennomførast før tiltakshavar har skaffa nødvendig tilkomstrett til dei områda det gjeld. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Sjå vedlagte akseptskjema, vi ber om at dette blir utfylt, signert og sendt tilbake til oss ved bestilling av arkeologisk registrering. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura. Det blir fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er sett opp med timepris for eit tidlegare år.

Alle korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

### **Kulturminne frå nyare tid**

Planen rører ikkje direkte ved fysiske kulturminne frå nyare tid, men påverkar likevel eit kulturlandskap. Det bør gjerast greie for dette i planomtalen, og ein bør ta nødvendige omsyn i utforminga av vegen og i anleggsperioden.

### **Friluftsliv**

Planen rører ved ein av innfallsportane til Trollheimen. Traséforslaget vil i seg sjølv ikkje endre føresetnadene for tilkomst og friluftsliv, men det er positivt dersom konfliktar med landbruks-

interessene kan reduserast. Det er også positivt dersom parkeringsplass og fascilitatar ved denne blir oppgradert.

### **Miljø og klima**

Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2022 – 2027 fastset miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag, der hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Rammene viser korleis vi ønsker å forvalte vassmiljøet og ressursane i eit langsiktig perspektiv. Vassforvaltningsplana skal leggest til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl §8-2 og vassforskrifta §29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir oppfylt, eller at miljøtilstanden i vassførekomsten blir dårlegare.

Gjennom arealplanlegging kan kommunen sette restriksjonar på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøar, fjordar og sjøområde. Det er viktig at disse verkemidla tas aktivt i bruk for å nå målet om god tilstand i alle vassførekomstar. Løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta §12. Regional vassforvaltningsplan har eigne retningslinjer som legg føringar for arealplanlegginga. Sjå meir om retningslinjer for arealplanlegging [HER](#).

I «Nasjonale forventningar til regional og lokal planlegging 2023-2027» klargjerast det at kommunane skal bidra til gode miljøforhold i og langs vassdrag gjennom god arealforvaltning og i tråd med regional vassforvaltningsplan. Som regional vassregionmyndigheit er Møre og Romsdal fylkeskommune opptatt av at all planlegging skal ivareta omsynet til vassmiljøet. Det er viktig å ta omsyn til levekåra for fisk og andre artar ved planlegging av tiltak som kan påverke vassførekomstar.

Foreslått planområde ligg i Nordre Nordmøre vassområde i Møre og Romsdal vassregion. Vassførekomst Ålvunda bekkefelt ([vassID 111-191-R](#)) blir berørt av plana. Fleire sidebekkar til Ålvunda (bekkar utan namn) renner gjennom og langs deler av planområdet mot sør. Vassførekomsten er i dag i dårleg økologisk tilstand med mål om svært god økologisk tilstand. Sidebekkene renner ut i vassførekomst Ålvunda, øvre del ([vassID 111-14-R](#)) som i dag er i svært dårleg miljøtilstand med mål om god økologisk tilstand. For å nå måla er det viktig å beskytte vassførekomstane mot nye påverkingar eller sette inn tiltak for å forbetre tilstanden.

Planlegging ved vassdrag og i strandsona skal ta omsyn til naturmangfaldet og det bør vurderast å sette av omsynssoner, kantvegetasjon, halde bekkar opne osv. Plan- og bygningslova har eit generelt byggjeforbod langs sjø og vassdrag, men kommunen kan ha satt egne regler. Dette må innarbeidast i planforslaget. Konsekvensar for det biologiske mangfaldet og naturen sin evne til å levere økosystemtenester må avklarast i planarbeidet. Det er bra å sjå at overvasshandtering er ein del av planarbeidet. Ein bør sjå på moglegheitene for å nytte naturbaserte løysingar for å

handtere overvatn (Statlige planretningslinjer for klimatilpasning). Overvassløysinga må ikkje medføre negativ påverking på miljøtilstanden i nærliggande vassførekomstar.

## KONKLUSJON

Fylkeskommunen er positiv til at det blir sett i gang reguleringsprosess i samsvar med over-  
sendinga.

Det blir stilt krav om arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10. Vi viser til vedlagt budsjett og akseptskjema.

Vi peikar også på at verknadene for landbruk må drøftast særskilt, og planen må innarbeide nødvendige, avbøtande tiltak, også knytt til kulturlandskapsverdiane.

Ein bør vurdere naturbaserte løysingar for handtering av overvatn, med sikte på at miljøkvaliteten i tilliggande vassdrag blir uendra eller betra.

Vi viser elles til meir detaljerte merknader ovanfor.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm  
seksjonsleiar

Johnny Loen  
plansamordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Fagsaksbehandlar:

Automatisk freda kulturminne; Arkeolog/Rådgivar Carl Fredrik Wahr-Hansen Vemmestad

Tlf. 907 72 660

Landbruk: Rådgivar Kirsti Hjelme Connor, tlf. 71 28 05 57

Miljø og klima: Rådgivar Åsa Fredly, tlf. 71 28 02 28

Kopi til:

Feste Nordøst As

Norges Vassdrag- og

energidirektorat

Statens vegvesen

Kopi til:

Statsforvaltaren i Møre og

Romsdal

Statsforvalteren I

Trøndelag

Vedlegg:

§9 Budsjett Regulering Innerdalen

AKSEPTSKJEMA FOR ARKEOLOGISKE REGISTRERINGER - regulering innerdalen